



Nasjonalparkstyret
for Jotunheimen
og Utladalen

Møteprotokoll

Utval: Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen

Møtestad: Turtagrø, Luster

Dato: 13.06.2025

Tidspunkt: 10:30 - 14:00

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Leif Solemsli	Leder	VANG
Marit Sletten	Medlem	LOM
Geir Arve Sandvik	Medlem	LUSTER
Christian Sønstlien	Nestleder	ÅRDAL

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Harald Sve Bjørndal	Medlem	VÅGÅ
Trude Brosvik	Medlem	VLFK
Åse Harjo Øvstegård	Medlem	IFK

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Oddmund Klakegg	Trude Brosvik	VLFK

Merknader:

Vara vart kalla inn til møtet for Åse Harjo Øvstegård og Harald Sve Bjørndal, men ingen av vararepresentantane kunne møte.

Andre frammøtte:

Namn
Kari Sveen
Eldrid Nedrelo

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som blei vedteke på møtet.

Leif Solemsli

Geir Arve Sandvik

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 15/2025	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 16/2025	Referatsaker		
RS	NiN Basiskartlegging av verneområde i Vestland 2024 - Hurrungane i Jotunheimen - Rapport frå Miljøfagleg utredning		2025/3411
RS	Basiskartlegging i verneområder 2025 - Utval av område - Utladalen		2025/3411
RS	Oversending av sak for oppfølging - naturmangfaldlova § 74 - brudd på verneforskriften - Jotunheimen NP - ulovlig bruk av drone til filming - Bukkelægret	X	2025/6412
RS	Oppstartsmelding - utgreiingsprogram - bevaring av verdifull natur - verneplanprosess - utviding av Jotunheimen nasjonalpark - Vågå - Øystre Slidre - Årdal - Luster - Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen		2025/6346
RS	Utladalen landskapsvernområde - utsiktspunkt Vettisfossen - garantisynfaring - 2025		2025/1849
ST 17/2025	Delegerte vedtak		
5/2025	Delegert vedtak - dispensasjon - Jotunheimen NP - snødekt mark - transport av saltstein og ved - Russdalen Beitelag		2025/3036
6/2025	Delegert vedtak - dispensasjon - Jotunheimen NP - Utladalen LVO - helikopter - montering av nye solcellepanel - Skogadalsbøen - DNT Oslo og Omegn		2025/2863
7/2025	Delegert vedtak - avslag - Jotunheimen NP - drone - prosjekt i samarbeid med Fri Flyt - filmserie - Andreas Fausko		2025/2972
8/2025	Delegert vedtak - Jotunheimen NP og Utladalen LVO - Dispensasjon - Oppsetting av mellombelse postar til turprogram - Årdal turlag		2025/3675
9/2025	Delegert vedtak - dispensasjon - Jotunheimen NP - barmark - vedlikeholdsarbeid ved Glitterheim Turisthytte - DNT Oslo og Omegn		2025/4547
10/2025	Delegert vedtak - dispensasjon - Jotunheimen NP - transport av materiell og utstyr - etablering av nytt avløpsrenseanlegg - Gjendebu turisthytte - DNT Oslo og Omegn		2025/4251
11/2025	Delegert sak - dispensasjon - Utladalen LVO - transport med bil på Vettisvegen - basiskartlegging - Miljøfaglig Utredning AS		2025/5749

12/2025	Delegert vedtak - dispensasjon - Utladalen LVO - innsamling av belegg - basiskartlegging - Miljøfaglig Utredning AS	2025/5814
13/2025	Delegert vedtak - dispensasjon - Jotunheimen NP - etablering av teltleir med lavvoer vest for Gjende - Stiftelsen Phoenix Haga	2025/5780
14/2025	Delegert vedtak – Utladalen landskapsvernområde – Dispensasjon – 2025 – Merking og gjennomføring av konkurranseløp – Troll challenge in Norway – Raids & Adventure v/Paul Vilcot	2025/4965
ST 18/2025	Jotunheimen NP - dispensasjon 2026 - Jotunheimen Trail Run - Norsk Fjellsportforum v/ Gjermund Nordskar	2023/338
ST 19/2025	Eventuelt	

ST 15/2025 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 13.06.2025

Behandling

Vedtak

Innkalling og dagsorden godkjent.

Geir Arve Sandvik vart vald til å skrive under protokollen saman med styreleiar.

ST 16/2025 Referatsaker

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 13.06.2025

Behandling

Nasjonalparkforvaltarane orienterte om referatsakene.

1. NiN Basiskartlegging av verneområde i Vestland 2024 - Hurrungane i Jotunheimen - Rapport frå Miljøfagleg utredning

Det er gjennomført heildekkande naturtypekartlegging av to delområde i Hurrungane, til saman 6 151 da. Kartlegginga dekkar fjellnatur i både lågalpint og mellomalpint sone, samt breforlandskap. Områda er dominert av fjellnaturtypar og artar tilpassa barske høgfjellsforhold. Med unntak av breforlandskap og rasmark, er nesten alt i området raudlista natur, t.d. snøleie. Det er næringsfattig bergart i heile kartleggingsområdet, som gjev grunnlag for fattig mark, men i dalføra i Ringsdalen og Skagastølsdalen

påverkar særleg lausmassane som er avsett av isbrear vegetasjonen. Det er funne ein del typiske, fjelltilknytte raudlisteartar blant karplanter og mosar. Dagens slitasje er sett til "moderat" på grunn av ferdsel til fots i området, særleg rundt Tindehytta og ved Skagastølsvatnet, lokalt også andre stader. Ferdsel kan føre til sterk slitasje på enkelte naturtypar, som myr og snøleie. Det er ikkje føreslått nokon aktuelle tiltak.

**2. Oppstartsmelding - utgreiingsprogram - bevaring av verdifull natur
- verneplanprosess - utviding av Jotunheimen nasjonalpark - Vågå - Øystre Slidre
- Årdal - Luster - Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen**

Statsforvaltarane i Innlandet og i Vestland har sendt ut oppstartsmelding med utgreiingsprogram om bevaring av verdifull natur - utviding av Jotunheimen nasjonalpark.

Figur 1 som viser dei ulike områda som det er meldt oppstart av verneplanarbeid for og framdriftsplanen (tabell 6) vart presentert for styret: Grønt område (Jotunheimen nasjonalpark), oransje område (Utladalen landskapsvernområde), lilla område (utvidingsområde) og område skravert med svart (område der det er aktuelt å endre verneform). Høyringsfristen er sett til 1. september.

3. Utladalen landskapsvernområde - utsiktspunkt Vettisfossen - garantisynfaring 2025

Det vart gjennomført garantisynfaring til utsiktspunkt Vettisfossen den 15. mai, der Florian Kosche (DFK), Øyvind Dyrdal (Ekehaug Maskin), Per Sigve Selseng (Asplan Viak), Stein Olav Windingstad (SNO) og forvaltarane deltok.

Rapporten som er utarbeidd av byggeleiar frå Asplan Viak viser at det ikkje var nokon spesielle merknader til anlegget frå synfaringa. Synfaringa viser at det ikkje er behov for fullt så grundig/detaljert oppfølging med tilsyn som det vart lagt opp til ved behandling av styresak om FDV i førre styremøtet, sak 13/2025 Utladalen - LVO - Utsiktspunkt Vettisfossen - Forvalting, drift og vedlikehald (FDV). Forvaltarane avklarar det nærare behovet i samråd med byggeleiar.

Vedtak

Referatsakene vart tekne til orientering.

ST 17/2025 Delegerte vedtak

**Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen -
13.06.2025**

Behandling

Vedtak

Delegerte vedtak vart tekne til orientering.

ST 18/2025 Jotunheimen NP - dispensasjon 2026 - Jotunheimen Trail Run - Norsk Fjellsportforum v/ Gjermund Nordskar

Innstilling fra forvalter

Med hjemmel i naturmangfoldlova § 48 første ledd, jf. § 4 i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark avslår Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen søknad om arrangement av ultraløpet Jotunheimen Trail Run.

Arrangement berører en stor del av nasjonalparken og kan komme i konflikt med siste ledd i formålsparagrafen som slår fast at *«Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»*

Nasjonalparken skal først og fremst ivareta naturverdier og hensynet til det enkle friluftslivet – jf. siste ledd formålsparagrafen i verneforskrifta (§ 1). Det er ikke ønskelig at nasjonalparken blir en arena for stadig flere løp eller konkurranser, da dette kan redusere opplevelsen for andre brukere av verneområdet. Samla belastning av ulike arrangementer kan på sikt forringe verneverdiene og redusere naturopplevelsen for de som besøker nasjonalparken for å oppleve stillhet og mest mulig urørt natur – jf. naturmangfoldlova § 10. Dette understrekes av det som har kommet fram i brukerundersøkelser, der et klart flertall har uttrykt skepsis til å bruke nasjonalparken som areana for ulike konkurranser.

Jotunheimen Trail Run er planlagt i høgsesongen for friluftsliv og det naturbaserte reiselivet, og det er ikke ønskelig å legge til rette for nye arrangementer som konkurrerer med den tradisjonelle bruken av nasjonalparken. Dette løpet går gjennom hele nasjonalparken, fra øst til vest, og det vil bryte med etablert praksis der det er lagt vekt på å beholde de sentrale områdene av nasjonalparken mest mulig skjerma, av hensyn til naturmangfoldet og ønsket om å beholde noen områder for det enkle friluftslivet med minst mulig grad av forstyrrelser og kommersielle aktiviteter. En tillatelse i dette tilfellet vil derfor skape uheldig presedens.

--- slutt på innstilling ---

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 13.06.2025

Behandling

Saksbehandlar orienterte om planane for gjennomføring av Jotunheimen Trail Run.

Saksbehandlar ettersende følgjande tilleggsopplysningar ved e-post til nasjonalparkstyret tysdag den 10.06.2025:

Til Nasjonalparkstyret og innkalla vararepr. til møtet 13. juni

Viser til møteinnkallinga, sak 18. Tilleggsopplysninger til sak 18/2025:

Vi har fått e-post fra Nordskar med følgende opplysninger:

Vi har laget et alternativ til den oversendte løypetraseen med startsted fra Bygdin i stedet for Gjendesheim. Legger derfor ved søknaden med den alternative traseen inkludert her.

Beklager at jeg ikke har hatt mulighet til å sende deg denne oppdateringen tidligere. Håper dere kan vurdere begge de to alternative traseene på styremøtet 13. juni.

Oppdatert søknad med kart som viser alternativ trase med start fra Bygdin er vedlagt. Vi har ikke andre vurderinger for denne traseen enn for den som ligger i den utsendte saka. Begge trasealternativene går tvers gjennom nasjonalparken og inn i sentrale deler av verneområdet.

Det er en del forskjeller mellom dette nye fjellløpet og Besseggløpet, som har vært godkjent som et årlig arrangement de siste åra. Kort oppsummert:

- Besseggen er et løp med historie tilbake til 1960-åra, som ble gjenopptatt i 2011, mens Jotunheimen Trail Run er et nytt løp.
- Besseggløpet er lagt til skuldersesong, men det nye er planlagt i starten av august; dvs. midt i sesongen for andre turgåere.
- Besseggløpet arrangeres i et område med generelt stor aktivitet i ytterkanten av verneområdet, mens Jotunheimen Trail Run går tvers gjennom nasjonalparken, fra øst til vest.
- Besseggløpet går over 13 km og gjennomføres på en dag, inkludert rydding etter løpet. Jotunheimen Trail Run er et ultraløp med 10-11 mil av traseen i nasjonalparken. Det er ikke kjent hvor lang tid de regner på løpet.

Håper at disse opplysningene er tilstrekkelige til at styret kan vurdere begge alternativene i sak 18.

Vedtak

Som innstillinga, samrøystes.

ST 19/2025 Eventuelt

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 13.06.2025

Behandling

Informasjon om registrering av toppturferdsel i Hurrungane vinteren 2024/2025 v/Vegard Vereide og Ingeborg Kvåle Bruflot

I samband med prosjektet "Trygg toppturferdsel i Indre Sogn" i regi av Høgskulen på Vestlandet vart det i november 2024 inngått avtale om gjennomføring av teljing av toppturferdsel ved to sjekkpunkt i Hurrungane vinteren 2024/2025 og fire til i topptursesongen våren 2025. Oppsett av sjekkpunkt vart gjort i dialog med nasjonalparkforvaltar.

Vereide og Kvåle Bruflot orienterte om metoden og førebelse resultat frå registrering av toppturferdsel i Hurrungane vinteren 2024/2025. Det har vore utplassert sjekkpunkt ved trafikkerte skispor til Dyrhaugstind, Lauvnostind, Ringsdalen, Store Austanbottstind, Fannaråken og Steindalsnosi. Ved samanlinkning av teljing med data frå ei teljing til Dyrhaugstind våren 2024 kan det sjå ut som snøforholda denne siste vinteren kan ha påverka ferdsele i området. (Det har vore ein relativt snøfattig vinter i vest-Jotunheimen). For å få eit noko meir påliteleg bilde av ferdsele i området kan det derfor vera interessant å vidareføre avtalen om ferdsesteljing vinteren 2025/2026.

Nasjonalparkstyret vil få overlevert eit notat og innsamla ferdselsdata som elektroniske filer innan oktober 2025.

Orientering frå forvaltarane.

1. Moglege nye forvaltningsområde

Kari Sveen orienterte om at Vågå kommune har sagt frå seg forvaltningsansvaret for desse verneområda pga. manglande ressursar: Stuttgonglie, Baklie, Veogjelet, Riddarspranget, Blessumkalvkveen.

Årdal kommune kom med innspel om at nasjonalparkstyret burde få forvaltningsansvar for Lykkja naturreservat i samband med høyringsprosessen for vern av området.

Den førebelse vurderinga er at styret bør avvente spørsmål om forvaltningsansvar for nye område, og heller ta diskusjonen i samband med prosessen om utvida vern. Det bør følgje med ressursar.

Ressursar til forvaltning og informasjon er spelt inn av både Vågå og Øystre Slidre kommunar i samband med tilslutnad til å starte opp prosess med mogleg utviding av Jotunheimen nasjonalpark.

Øystre Slidre arbeider for å få etablert eit informasjonssenter for Jotunheimen og Langsua på Beitostølen.

2. Besøkscenter for Jotunheimen og Langsua

Kari Sveen orienterte om Valdres sitt ynskje om å få etablert eit nytt besøkscenter for Jotunheimen og Langsua på Beitostølen med vekt på formålet med besøkscenteret og kva funksjon det ønskjer å ha. Lokalisering på Beitostølen vil ikkje berre gi eit godt utgangspunkt for opplevingar i Jotunheimen og Langsua. Det skal også fungere som modell for tilgjengeleg reiseliv i nasjonal samanheng. I 2024 vart seterkulturen teken inn på UNESCO si liste over immateriell kulturarv, noko som forpliktar i kommunen og regionen Valdres. Eit besøkscenter på Beitostølen vil også vere ein svært god arena for å formidle kunnskap om, og å løfte fram stølskulturen.

3. Ferdselsteljarar Jotunheimen

Vinteren 2024/2025 vart det kjøpt inn tre ferdselsteljarar av typen Eco Counter. Desse er sett opp av SNO ved stiar til Knutshø, utsiktspunkt Vettisfossen/Vettismorki og Skagastølsdalen/Dyrhaugsryggen. Eldrid Nedrelo orienterte om førebelse resultat frå teljaren ved Turtagrø (Skagastølsdalen/Dyrhaugsryggen). Tala frå teljarane vil vere ein del av kunnskapsgrunnlaget for forvaltninga og vil til dømes kunne vere retningsgjevande for kvar, og når det er aktuelt å sette opp informasjon med råd om ferdsel.

4. Behov for fokus på ressursar til besøksstrategiarbeid

Styreleiar Leif Solemsli orienterte om eit initiativ frå ordføraren i Gausdal til eit felles møte for styreleiarar i nasjonalparkstyre/verneområdestyre som heilt eller delvis ligg i Innlandet der det vart diskutert ulike problemstillingar knytt til økonomi, besøksforvaltning og verdiskaping. Initiativet vil bli følgt opp med eit felles brev til departementet der ein m.a. peikar på behovet for auka ressursar til informasjon i nasjonalpark-/verneområdeforvaltninga.

Vedtak

Sakene under Eventuelt vart tekne til orientering.

Det var semje om å setja 1 time til førebuing.